

Lindås 09.07.21

Til  
Se arkitektur  
v/Gro Borkner

Fra  
Solhaugen barnehage Sa  
v/ Anita Heggøy, styrer

### Svar på forespørsels om bruk av området

Solhaugen barnehage Sa er en ideell barnehage drevet av foreldre. I området der, det skal bli bygget ut har foreldre og barn gjennom årene bygd opp en naturleikplass. Se bilder.

Barnehagen bruker området daglig/ukentlig gjennom hele året, og er en viktig plass for barns naturopplevelser og lek. Nærhet til natur er en viktig og etablert pedagogisk praksis hos oss, der barna finner blåbær, sopp, maur, biller og mange insekter som de lærer om. Barna er ute i all slags vær og året rundt.

#### Viktige kvaliteter ved området som må tas vare på og utvikling av området

- At utbygger bygger en ny plass til gapahuk, ild sted og naturleikeplass til barnehagen og andre
- At utbygger tar vare på natur mangfoldet og naturlig topografi
- At utbygger bygger naturstier med ulik lengde og vanskelighetsgrad
- At utbygger lager en liten park som kan brukes av eldre, barn og ungdom med fokus på bevegelses glede. Vippedisse, tuftepark, trampoline, ake bakke, tursti/skiløype, ball-binge m.m
- At utbygger får opp skilt/ info -tavler om naturen (hva kan man finne her) og området (historikk).
- At utbygger får opp skilting med fartsgrense 30 i ved innkjørsel til hele området
- At utbygger får opp skilt med navn på hva man finner i dette området ved innkjørsel til området

Vennlig hilsen

Anita Heggøy

Styrer i Solhaugen barnehage SA

Storbruhaugen 14,5955 Lindås

E-post: [post@solhaugenbhg.no](mailto:post@solhaugenbhg.no)

Tlf: 48 31 63 29

Hjemmeside: <https://solhaugenbarnehage.com>

Organisasjonsnummer: 983 033 067



# Solhaugen Barnehage

Med hjarte for borna



Vi går inn til den «Magiske skogen» like etter elven (der hvor det ligger grus på bildet). Der fra har vi en sti.

Bilde tatt fra stien mot veien.



Storbruhaugen 14,5955 Lindås

E-post: [post@solhaugenbhg.no](mailto:post@solhaugenbhg.no)

Tlf: 48 31 63 29

Hjemmeside: <https://solhaugenbarnehage.com>

Organisasjonsnummer: 983 033 067





# Solhaugen Barnehage

Med hjarte for borna



Noen steder lags stien er tilrettelagt med treverk å gå på, grunnet bløt underlag.



Stien går der hvor svart pil viser.



I den «magiske skogen» har vi også en rutsjebane. Den er aktivt i bruk når vi er her.



Trestubber bidrar til kreativ lek.

Storbruhaugen 14,5955 Lindås

E-post: [post@solhaugenbhg.no](mailto:post@solhaugenbhg.no)

Tlf: 48 31 63 29

Hjemmeside: <https://solhaugenbarnehage.com>

Organisasjonsnummer: 983 033 067





# Solhaugen Barnehage


## Med hjerte for borna



For mange år siden ble det bygget en gapahuk. Denne brukes til å spise i.



I gapahuken har lager vi også mat innimellom ved hjelp av bålpanne



«Magiske skogen»  
I 2020 ble flere trær tatt ned, på bakgrunn av strømledninger. Etter kontroll på at alt ligger trygt, bruker barna stubbene til klatring og som sitteplasser.



Tilrettelagt for å kunne tilberede mat under tak

Storbruhaugen 14,5955 Lindås

E-post: [post@solhaugenbhg.no](mailto:post@solhaugenbhg.no)

Tlf: 48 31 63 29

Hjemmeside: <https://solhaugenbarnehage.com>

Organisasjonsnummer: 983 033 067



Plan SE-Arkitektur AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til oppstart av detaljregulering for Åtun - Alver - 108/161

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid for reguleringsplan for Åtun, mottatt her 03.08.2021.

Planområdet er 13,8 daa, og er lokalisert om lag 300 meter nordaust for Lindås sentrum. Området ligg i all hovudsak innanfor område B1 i kommuneplanens arealdel for Lindås 2019-2031, som er avsett til framtidig bustadområde. Området er i dag ikkje utbygd, og er ein del av eit større grøntområde.

Planinitiativet legg til grunn etablering av 23-27 bueiningar for seniorar. Dette er ein del fleire husvære enn spelt inn ved rulleringa. Nærleiken til Lindås senter saman med ynskje om ein berekraftig utvikling, effektiv arealutnytting og å imøtekomme behov ligg til grunn for ynskje om fleire husvære. Det er utarbeidd to alternative forslag for utvikling. Eit forslag er innanfor gjeldande formålsgrense for B1. Det andre forslaget legg til grunn at ein gjer ei mindre justering av formålsgrensa for B1. Årsaka til dette ynskje er å få husvære med betre soltilgang og utsikt mot sør og sørvest. Den Trondhjemske postvegen vil ikkje bli påverka av endringa og forholdet til grønt på kollen vil bli gjort greie for i planprosessen.

### Statsforvaltaren sine merknader

Bustadformål B1 kom inn i kommuneplanen for tidlegare Lindås kommune i 2019. Fylkesmannen i Vestland, no Statsforvaltaren, var kritisk til området mellom anna fordi området har verdi som grøntareal og friluftsliv for areala rundt. I konsekvensutgreiinga kom området dårleg ut på tema som naturmangfald, landskap, nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv, kulturminne, folkehelse og barn og unge. I tillegg vart det vurdert at det ikkje var naudsynt å legge til rette for fleire bustader i denne delen av kommunen. Fylkesmannen hadde motsegn til storleiken på området, og dette var ein av årsakene til at arealet vart redusert. Vi vurderer at det skal særskilde gode grunner til å fråvike dette, berre to år etter vedtatt plan.

Det vart som nemnt vurdert at det i utgangspunktet ikkje er naudsynt med fleire bustader i denne delen av kommunen, og at det er fleire ting som talar imot ein nedbygging av området. Vi stiller oss undrande til at ein no vil auke tal bueiningar i området frå 10-15 til 23-27. Vi opplever dette som ein vesentleg auke, som gjer at området får to større bygningar i staden for ein.



Planinitiativet legg fram to skisser for planområdet. Vi meiner i utgangspunktet at begge forslaga legg opp til for mange bueningar. Forslaga er ikkje fult ut utgreidd, og men vår foreløpige vurdering er at særleg plassering av blokk B, i forslag 2, i liten grad følgjer opp kommuneplanen, særleg med tanke på omsyn til grønstruktur, landskap og bevaring av kollen.

Planen skal primært legge til rette for bustadar for eldre, men også andre kan kjøpe bustader her. I planinitiativet står det mellom anna kommunen som fylgje av det overordna ynskje om seniorbustader vil kunne avvike frå kravet om områdeleikeplass. Statsforvaltaren meiner det skal mykje til for å lempe på krav om leikeplass for barn og unge, sjølv om bustadene er tenkt for eldre. Planen kan ikkje styre om barn flytter inn, og det vil uansett vere positivt med felles leikeplass for barn som er på besøk. Vi minner elles om at det også er viktig å legge opp til gode felles uteareal for alle.

Vi ser det som svært viktig at dei temaa som konsekvensutgreiing til kommuneplanen kjem ut i gult eller raudt vert godt belyst og at planen søker å avgrense dei negative verknadane mest mogleg. Vi legg til grunn at krav i føresegn 2.2.3, tabell 1, i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune vert følgt opp. Vi minner også om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

Vi er positiv til at planarbeidet skal ivareta eksisterande stiar i området. Kommuneplanen er klar på at mest mogleg av kollen skal bevarast. Etter utbygging bør det framleis vere attraktivt å gå opp på kollen og den bør i størst mogleg grad ivaretakast som grønstruktur.

Vi rår primært til at ein ikkje går vidare med bygging på arealet som ikkje er sett til bustad i kommuneplanen, og at tal bueningar vert redusert til 10-15. Om ein likevel vel å gå vidare med eit av dei skissa forslag, må plandokumenta vise at forslaget godt nok sikrar verdiane i området. Det bør også vere eit reelt behov for fleire einingar.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG



SE-ARKITEKTUR AS  
Fantoftvegen 42  
5072 BERGEN

## Fråsegn til varsel om oppstart av privat planarbeid for gnr. 108 bnr. 161, Åtun, Alver kommune

Vi viser til brev datert 06.07.21 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 108 bnr. 161, Åtun, Alver kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadføremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

#### Arkitektur, estetikk og universell utforming

Planen må legge til rette for sosial berekraft. I denne samanheng er god bukvalitet med bustader som har god tilgang på skjerma uteareal, lys og luft. Det er viktig med variert storleik på bustadene for å legge til rette for ein meir mangfaldig samansetting av bebuarar og styrke området befolkningsstruktur. Krav til bukvalitet må vektast tyngre enn høg utnyttingsgrad. Fjernverknad og tilpassing til eksisterande terreng må vektleggast i planen.

Nye tilbod og type bustader må bidra til å vidareutvikle eksisterande tilbod i nærområdet. Planlagde tiltak bør spegle si tid, og gjennom nyskaping og tilpassing vere eit verdfullt bidrag til det lokale bygningsmiljøet. Planområdets eigenart og karakter må takast omsyn til. Nye bygg og strukturar må tilpassast strøkkarakter, og vere i samspel med nabobygg og omgjevnader på ein god måte.

Regionale planar vektlegg at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Dette gjeld særleg løysingar for tiltak for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma. Også areala ute må få universell utforming.

Tiltak for tilkomst, synbarhet, kontrastar, merking og utbetring av nivåforskjellar for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma bør innlemmast som eige del av planen.

Prosjektets føremål er mellom anna å leggje til rette for seniorbustader. Vestland fylkeskommune er positive til at dette prosjektet kan vere med å redusere udekkta bustadbehov og leggje til rette for gode bustadsløysingar for dei over 55 år. Behovet for tenlege bustader for denne gruppa er stor.

Antal menneske som har funksjonsutfordringar aukar med alderen. Fylkeskommunen ventar difor at universell utforming av bustadene, uteområda og tilkomst vil vera i fokus i vidare planarbeid. Fylkeskommunen reknar med at universell utforming vil verte ein viktig del av utforminga av



bustadene. Dialog med brukargrupper anbefalast vidare gjennom prosjektets ulike fasar frå start til slutt. Dette vil i større grad sikra optimale løysingar for tiltenkte bebuarar.

Fylkeskommunen utfordrar utbygger til å ha høge ambisjonar om gode løysingar for universell utforming både ute og inne.

#### Barn og unges interesser

Regionale planar sett retningslinjer for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Det skal sikrast gode uteareal. Kvaliteten på og tilgjenge til områda må vere såleis at born kan bevege seg til og frå på ein trygg og naturleg måte.

Utforminga må vere av høg kvalitet både estetisk og materielt og kunne nyttast av alle aldersgrupper.

Leikeareal bør utformast slik at dei er universelt utforma, har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

#### Friluftsliv

I område B1 ligg ei kolle som har verdi både som leikeområde, grøntdrag-element og som turområde. Ein bør i planen søke å bevare denne og tilpassa prosjektet overordna grøntdrag og eksisterande stiar innafor og i knytning til prosjektet. Dette vil sikra tilkomst og bruk av området for friluftsliv.

#### Landskap

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Ein bør særleg taka omsyn til arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare.

Verknad på naturmangfald bør vurderast i planen, og fylkeskommunen føreset at planlagde tiltak ikkje vil ha negative verknader for landskapsområdet. Naturverdiar og biologisk mangfald må omsynstakast og søkast bevarast i størst mogleg grad.

#### Kulturminne

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere fremje motsegn til planforslaget. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

#### *Den Trondhjemske postveg*

Vi gjer merksam på at den Trondhjemske postveg ligg tett på og i nærområdet til planområdet. Vi ber om at det vert teke særleg omsyn til denne i den vidare planprosessen. Postvegen er statleg listeført og har nasjonal kulturminneverdi. I det vidare arbeidet er viktig at ein tar omsyn til postvegen og karakteren til landskapet rundt den. Så langt vi kan sjå er viste alternativ 1 i planinitiativet det beste for postvegen, her er avstanden til vegen størst og bygningane er planlagd på nordsida av eksisterande kolle, det er heller ikkje planlagt infrastruktur (som for eksempel tursti) i nærleiken.

Vegfar som strekkjer seg tilbake i førhistorisk tid er ofte vidareutvikla til postveg på eit seinare tidspunkt. Før 1600-talet var det få køyrbare vegar i Norge. Vegfara var stiar og tråkk som blei brukt når folk gjekk eller reiste med hest. Vegen utvikla seg vidare frå å vere tråkk til «tjodvegar», med ei viss minimumsbreidde. Vegfara og vedlikehald av desse er omtalt i fleire skriftlege kjelder frå før 1537, blant anna Magnus Lagabøtes landslov frå 1274.

Vegfaret er nemnd i forundersøkinga til postvegen «Beskrivelsen over den Sikreste og mest bequemme Post Tour mellom Molde og Bergen» frå 1775. Om vegfaret frå Lindås til Fonnebust er det skildra: «Fra Fanebust til Lindaas Prestegaard ¼ Miil, findes vejen i God Stand». Noko som

betyr at postvegen mest sannsynleg er etablert over eit eldre vegfar. Veggen er også ein gamal kyrkjeveg for folk som budde kring Fensfjorden og har nok vore i bruk som det sidan mellomalder.

#### *Varsel om kulturhistorisk synfaring*

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne i sjølve planområdet, men funn i nærområdet synar at staden har vore attraktivt for busetting gjennom store deler av førhistoria. Før vi kan gje endeleg fråsegn til planforslaget må vi gjennomføre ei synfaring for å vurdere potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Ved synfaringa vil vi ta stilling til om det vil verte naudsynt med ei arkeologisk undersøking for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

#### Samferdsel

##### *Generelle merknader:*

Vi ber generelt om at det vidare planarbeidet har fokus på desse punkta:

- Forholdet til overordna transportnett.
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og relevante målpunkt som skule, butikk, kollektivhaldeplass mm.
- Vurdering av kryssutforming mellom kommunal veg og fylkesveg, med tilbod til mjuke trafikantar.
- Utforming av veganlegg i samsvar med Handbok N100.
- Relevante rekkjefølgjekrav
- Universell utforming.
- Byggjegrænse langs veg

##### *Særlege merknader til dette planarbeidet*

Planområdet ligg nord for fv 5470 Fonnebustvegen. Tilkomst til overordna vegnett går om kommunal veg og kryss med Fonnebustvegen og vidare vest mot Lindås tettstad. Kryssområdet og kommunal veg er regulert gjennom eit planarbeid frå 2018, PlanID 1263\_201516. Den regulerte løysinga syner i hovudsak samferdsleareal slik det er opparbeidd i dag.

Det vidare planarbeidet må vurdere kapasitet og utforming av kryssområdet. Det må vurderast opp mot eksisterande bruk og eventuell framtid bruk av nærliggjande område, slik det er vist gjennom godkjente arealplanar. Vi tenker særleg på bygging i samsvar med arealdel av kommunedelplan for Lindås, og eventuelle godkjente reguleringsplanar for området som skal nytte dette kryssområde som tilkomst. Ei enkel trafikkanalyse vil vere eit godt verktøy for å vurdere dette.

I følgje vedlagt referat frå oppstartsmøtet 07.05.21 er området omfatta av krav til områderegulering før vidare detaljregulering. Dersom ein vel å starte detaljregulering før områdeplanen er vedtatt bør ein stille strengare krav til dokumentasjon for reguleringsplanen, slik at intensjonen med områdeplanen vert tatt i vare.

Kollektivhaldeplass langs Fonnebustvegen er lagt ned, og næraste haldeplass er ved Lindås senter om lag 350 meter unna. Det vidare planarbeidet må vurdere om tilbodet til mjuke trafikantar er tilstrekkeleg utbygd til sentrale målpunkt på Lindås tettstad.

Byggjegrænse langs fylkesvegen er 50 meter frå vegmidte. Ei akseptabel byggjegrænse i dette tilfelle vil vere 30 meter frå vegmidte.

Dersom det vidare planarbeidet avdekke behov for utbetring av kryssområdet og tilbod til mjuke trafikantar, må det setjast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av relevante samferdsleføremål.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/>

**Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på arkitektur, estetikk og universell utforming, barn og unges interesser, friluftsliv, landskap, kulturminne og samferdsel.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Arvid Hauge  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for PKF - plan, klima og folkehelse

Tone Bøyum, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Sigrun Wølstad og Berit Vik, avdeling for KII - kulturarv

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål



## Statens vegvesen

SE-ARKITEKTUR AS  
Fantoftvegen 42  
5072 BERGEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/145648-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.08.2021

### Uttale til oppstart – detaljregulering – gnr. 108 bnr. 161 – Åtun i Alver kommune

Vi viser til dykkar brev datert 06.07.2021 og uttalefrist 21.08.2021.

#### Saka gjeld

Intensjonen med planarbeidet er å legge til rette for bustader i tråd med overordna plan. Det vert i hovudsak planlagt for seniorbustader, med eit tilhøyrande servicebygg med støttefunksjonar. Planområdet er på ca. 13,8 daa, og er lokalisert om lag 300 meter nordaust for Lindås sentrum. Området ligg i all hovudsak innanfor område B1 i kommuneplanens arealdel for Lindås 2019–2031, som er avsett til framtidig bustadområde.

Området er i dag ikkje utbygd, og er ein del av eit større grøntområde. Nord for området ligg Solhaugen barnehage. Sør for området ligg fv. 5470, Fonnebostvegen. I vest ligg Lindås Nærserter, medan området i aust i hovudsak består av bustader.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



### **Konkrete innspel til dette planarbeidet**

Planområdet ligg sentralt til på Lindås med gangavstand til Lindås senter. På dette strekket er det etablert fortau langs fylkesveg 5470. Tilhøva ligg såleis godt til rette for mjuke trafikantar.

### Den Trondhjemske postveg

Planområdet ligg nær den Trondhjemske postveg. Statens vegvesen v/Norsk vegmuseum har sektoransvar for vegminner og har et ansvar for å ivareta interesser knytt til dei historiske hovudvegane, som post- og kongevegar. Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne (2002) er etatens styrande dokument for dette arbeidet.

Traseen er lagt inn i arealdelen til kommuneplanen. Det er lagt inn ei omsynssone på 10 meter frå kvar side av vegen målt frå kant av grøft. Omsynssona skal sikra at det ikkje vert gjort uheldige tiltak på postvegen. Etter det vi kan sjå tilpassar det varsla planområdet seg denne omsynssona og vi legg til grunn at tiltak knytt til planen ikkje kjem i konflikt med dette kulturminnet.

### Kryss og avkøyrslar

Kryss og avkøyrslar frå offentleg veg skal ha utforming i tråd med handbok N100. Tilkomst til det aktuelle planområdet er frå kommunal veg via kryss kommunal veg/fylkesveg 5470. Dette krysset er regulert i reguleringsplan og ser ut til å vere opparbeidd slik reguleringsplanen viser. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til tekniske løysingar, trafikkikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

### **Generelle krav til planarbeid**

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikkikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikkikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

**Vidare planprosess/medverknad**

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland

seksjonsleiar

Ingelin Garen

senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020

BERGEN



SE-Arkitektur AS  
FANTOFTVEGEN 42  
5072 BERGEN

Dato: 19.07.2021  
Vår ref: 21/05180-2  
Deres ref:

## Fråsegn utan merknad til varsel om oppstart av planarbeid for Åtun gbnr. 108/161, Alver kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG\_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. juli 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### Om planen

Intensjonen med planarbeidet er å legge til rette for bustader, i tråd med overordna plan. Det vert i hovudsak planlagt for seniorbustader, med eit tilhøyrande servicebygg med støttefunksjonar. Planområdet er i kommuneplanens arealdel for Lindås 2019-2031 avsett til bustadføremål, og er ikkje regulert.

### Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressurser, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av planarbeid for Åtun gbnr. 108/161.

Dersom handsaming av plana viser at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.



Med helsing

Hilde Marie Lingstad  
seksjonssjef

Øyvind Wormdal Selboe  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

SE-Arkitektur AS

FANTOFTVEGEN 42

5072 BERGEN

Kopi til:



SE-Arkitektur AS  
Wernersholmvegen 49  
5232 PARADIS

Vår dato: 18.08.2021  
Vår ref.: 202112098-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 08.07.2021  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
22959527/toot@nve.no

## NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Åtun - Gnr. 108 bnr. 161 - Alver kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 06.07.2021.

### Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

På NVE sine internettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløyningar](#).

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka

Med helsing

Ann-Kristin Larsen  
fung. seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Se arkitektur  
Fantoftvegen 42  
5072 Bergen

Saknr.: 21-008      Kommune: Alver      gbnr. 108/161      Gardsnamn: Åtun      Dykkar ref.: 2020/79599-2

## Varsel om oppstart av privat planarbeid - Åtun i Alver kommune

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2021/	Inn	14.07.2021	se arkitektur v/Gro Borkner	Varsel om oppstart av privat planarbeid	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av planarbeid, og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 27. august 2021

*Siv-Merete Vedå*

-----  
Siv-Merete Vedå  
-Kunderådgjevar-